



Aslaug Lyse på Solheim pakkar dundyner til Ukraina. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag ettermiddag får uskedalingane for første gong sjansen til å senda mellom anna klede, sengetøy og sko direkte til trengande i Aust-Europa. Semitrailaren til den kristne stiftinga THK som har basen sin i Bygnes på Karmøy stoppar i to timar (frå 14 til 16) utanfor Gamleskulen for opplasting. Målet er byen Uzhhorod, som ligg heilt vest i Ukraina, på grensen mot Slovakia. Den 6. mars set semintrailaren kursen mot aust.



[Tormod Myklebust klar for turen til Ukraina i fjor saman med Karl N. Persson.](#)

Tormod Myklebust, som i fjor var ein av sjåførane på den same bilen til Korosten i Ukraina, hadde ideen om ein oppsamlingsrunde også i Kvinnherad.

Før bilen kjem til Uskedalen med stiftingas daglege leiar Vidar Akselsen som sjåfør vil den ha stått i to timar (frå 11 til 13) nedanfor Eurospar i Rosendal.

Semitrailaren har tidlegare vore på innsamlingsrunde i Nordhordland, men dette er første gongen den kjem til vårt område. Bli ikkje bilen fylt i Kvinnherad vil det skje på Karmøy der stiftinga har eit lager og tek imot klede og anna på laurdagar.

Kva råd vil så Tormod gje til dei sikkert mange som vil senda noko til Ukraina?

Det er at kleda må vera reine og heile, at skoa ikkje treng å vera av nokon bestemt storleik og at alt kan pakkast i vanlege, svarte sekkar. Ein kan gjerne nytta dobbelte sekkar hvis noko av innhaldet har skarpe kantar.

Det er heller ikkje noko i vegen for at ein kan sende med nokre leikar.

Mange har teke kontakt med Tormod dei siste dagane og bedt om praktiske råd. Dei som ikkje kan koma til Uskedalen laurdag ettermiddag kan ta kontakt med han (971 47851) og få beskjed om kor dei kan levere sekkane.

THK-bilen er på veg til og frå Aust-Europa nesten utan stans, får ein inntrykk av ved å lesa køyreprogrammet til stiftinga. Til dømes er det lagt opp til to turar i april og tre i mai. Tormod skal etter planen vera sjåfør under ein av aprilturene og då er byen Shostka målet.

THK (som tyder tru, håp og kjærleik) har nyleg også vore austover med ein buss som er kjøpt av TINE og som skal nyttast av bibelskulen i Korosten.

Ein av uskedelingane som pakkar sengetøy til Ukraina no om dagen er Aslaug Lyse på Solheim Turiststasjon. Mellom anna sender ho austover fleire dundyner som framleis er heile men som har vorte for stutte for nordmennene. Lengden er berre 1,80 medan den vanlege dynelengda i vårt land no er to meter!

Under stoggen i Uskedalen laurdag ettermiddag ber THK om ei transportstøtte på 50 kroner for kvar sekk. Hjelpesendingar til Austeuropa har også store utgiftspostar.

Av Ola Matti Mathisen